**Til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. tr. Cecilie Middelthon Skretting | Elgane 3 | 4360 | VARHAUG |
| 2. tr. Eldbjørg Engelsvoll | Ringvegen 34 | 4360 | VARHAUG |
| 3. tr. Kjersti Eeg Aanestad | Opstadvegen 481 | 4360 | VARHAUG |
| 4. tr. Anne Torill Ånestad | Tjemslandshagen 40 | 4360 | VARHAUG |
| 5. tr. Lill Marete Egge Lye | Spurvevegen 3 | 4360 | VARHAUG |
| 6. tr. Torbjørn Haugstad | Åvegen 1 A | 4360 | VARHAUG |
| 7. tr Lars Ove Nesvik | Årdal 58 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 1. tr. Møyfrid Hobberstad | Eikevegen 11 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 2. tr. Tormod Nord-Varhaug | Nord-Varhauvegen 100 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 3. tr. Johanne D. Aanestad | Tjeldvegen 4 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 4. tr. Yvonne Håland | Klokkarmarka 2 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 5. tr. Margunn Aarrestad | Løehagen 2 | 4360 | VARHAUG |
| vararep. 6. tr. Tove-Elin Hobberstad | Edlandsvegen 1 | 4365 | NÆRBØ |
| vararep. 7. tr. Oddny Fuglestad Bratland | Tjemslandshagen 48 | 4360 | VARHAUG |

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|---|
| | 17/12316 KSA | 035 A20 | 07.04.2017 |

## Varhaug skule - referat frå møte i FAU - 03.04.2017

Dato: 03.04.2017
Tid: kl. 18.00

Desse møtte: Johan Omland, Torill Ånestad, Eldbjørg Engelsvoll, Lill Marethe Egge Lye, Torbjørn Haugstad, Cecilie M. Skretting, Kjersti E. Aanestad.

Forfall: Lars Ove Nesvik

**Saker:**

**06/17** Mobbeplanen er eit systematisk oppsett av korleis skulen arbeider i mobbesaker. Den vert lagt ut på heimesida.
Sosial læreplan: denne viser mykje av det arbeidet skulen gjer som bygger opp under den sosiale kompetansen hos elevane.
Utkast til visjon: Visjonen heng saman med kommunen sin visjon. Det har vore gode diskusjonar rundt dei tre begrepa i visjonen, læring, relasjon og ambisjon. Ambisjon er med og viser at skulen og tenker framover. Til no er det ei gruppe som har arbeida med dette, på plandagen 18.4 skal resten av personalet vera med i arbeidet og målet er å få den ferdig til 17. mai 2017.

07/17 Korslaget 2017: Det vart ei bra gjennomføring av dette arrangementet. Fem andre skular kom på besøk til Varhaug skule. 11. mai skal det vera intekommunalt korslag der dei andre Jærskulane og deltek. Aftenbladet og Jærbladet møtte til denne dagen og det vart god dekning av arrangementet. Dommarane fokuserte på det som er positivt, slik at det vert ei god oppleving for elevane som er med. Neste år skal Bø skule arrangere. Ein opplever at dette er noko elevane ser fram til og gler seg til, gjerne i fleire år før det er deira tur.


| Postadresse: | Kontoradresse: | Internett: | Telefon: | Org.nr. |
|---|---|---|---|---|
| Eikevegen 5 | Eikevegen 5 | www.ha.no/var | 51 79 17 00 | 964969590 |
| 4360 Varhaug | 4360 Varhaug | post.varhaug.skule@ha.kommune.no | | |

08/17 Vennebenkane: Ein er ferdig malt. Vaktmester bolter dei fast til bakken slik at dei ikkje kan flyttast på.

09/17 Reflekskonkurransen er utsett til hausten. Det er viktig å starte tidleg med dette og få inn gode rutinar ved oppstart. Dette vert ei sak på første Fau møte til hausten.

10/17 17. mai: Skulen v/rektor informerer foreldre om kvar dei finn fanene. På 17. mai skal 7. trinn framføre korslag sangen og 1.-3. klasse skal synge ein porpourri.

11/17 Kostnad flybilletter til Oslo. Fau betalar to billettar ekstra. Torill, kasserar, ordnar dette.

12/14 Elevrådet ønskjer å bruka pengar på høgare gjerde rundt ballbingen. Fau er positive til dette, når det er noko elevane har bruk for og ønskjer seg sjølv.
Eventuelt:

- Fotografering hausten 2017 – forslag om å ha fotograf i august/september og lage skulekatalog. Så lenge det er eit tilbud og ikkje kjøpeplikt er det ok.
- Sommaravslutning: Vert på trinna i år. Klassekontakt i samarbeid med lærar tek ansvar. Skulen gjer beskjed til klassekontaktar. Her har ein opplegg på trinna, kan gjerne vise fram det elevane har hatt på fellessamling.
- Nye Fau representantar skuleåret 2017-2018: Johan har eit forslag om at dei som trer av ordner nye representantar på førehand og «banker» det gjennom på foreldremøte til hausten. Tenk gjennom om ein skal fortsetja til neste møte.
- Henvendelse ang. SFO dersom det er andre enn foreldre som henter barna der. Det kan opplevast som vanskeleg å få kontakt med dei ved henting. Johan tek dette opp på møte tysdag 4.4.17. SFO skal og få nye mobilar, slik at ein kan unngå bruk av private mobilar til bilete.

Kjersti E. Aanestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*